



Knut Mæland
Vætesvegen 97
5708 Voss


Vår ref.
26/5138 - 2

Dato
24.06.2026

Saksnr.	Utval
71/26	Utval for kultur og næring

**Løyve - dispensasjon frå byggegrense veg - carport - gbnr.
10/4 - Vætesvegen 97**

Dispensasjon frå byggegrense veg i samband med oppføring av ny carport på gbnr 10/4.



Området er regulert til LNF i kommuneplanen. Generell byggegrense 15 m frå vegmidt gjeld.

Søknaden er vurdert på bakgrunn av innsende teikningar/snitt, situasjonsplan og bilete.

KV 1323 Vætesvegen er å rekne som tilkomstveg på staden. Fartsnivået er truleg inn til 30 km/t

Minste avstand frå tiltaket til vegkant er i søknad oppgjeve til 7 meter. På naboeigedommen har det nyleg vorte ført opp driftsbygning som ligg 3,1 m frå vegkant og dette tiltaket har større avstand til kommunal veg.

Eigedommen ligg i enden av ein smal kommunal veg, og har relativt lite trafikk. Tiltaket vil ikkje føra til endra utforming av dagens avkøyring. Tiltaket vert ikkje vurdert å føra til redusert sikt langs den kommunale vegen.

Ein legg til grunn at tiltaket ikkje fører større ulempe for drift, vedlikehald eller tryggleik på den kommunale vegen.

VEDTAK:

I medhald av §§ 29, 30 og 32 i veglova vert det gjeve dispensasjon frå byggjegrænse langs offentleg veg for oppføring av carport på gnr 10 bnr 4, Vætesvegen 97 i samsvar med søknaden. Det vert gjort gjeldande følgjande vilkår og merknader:

1. Avstand frå næraste kant av tiltaket (takutstikk eller liknande) til senter av kommunal veg skal ikkje vera mindre enn 7 meter
2. Areal mellom tiltaket og vegkant skal haldast på ein slik måte at det ikkje er til hinder for fri sikt langs vegen, i avkøyrsløp, eller på annan måte til hinder for drift eller vedlikehald av vegen.
3. Tiltak, eller deler av tiltak, som vert etablert nærare kommunal veg (skulder) enn 3 m, må fundamentast direkte på fjell eller minst 80 cm under vegplanum, slik at tiltaket ikkje får skadar ved evt masseutskifting av vegen.
4. Dersom tiltaket vert opparbeida eller halden ved like i strid med veglova, underliggjande regelverk, eller vilkår etter dette vedtaket, kan kommunen jf veglova § 36 krevje det fjerna eller retta, eller utføre fjerning/retting sjølv for eigaren sin kostnad.
5. Det er ikkje grunnlag for krav mot Voss herad på grunn av skade eller ulempe som følgjer av at tiltaket ligg innafør byggjegrænse langs offentleg veg.
6. Tiltak, eller deler av tiltak, som vert etablert nærare kommunal veg (skulder) enn 3 m, må fjernast, evt byggjast om, for tiltakshavar si rekning der dette er nødvendig for evt framtidig vegutviding eller andre nødvendige tiltak med omsyn til sikkerheit og drift av vegen.
7. Dispensasjonen gjeld berre etter Veglova. Dei fleste tiltak krev i tillegg byggjeløyve etter Plan- og Bygningslova, evt andre løyve frå røyr- og kabeleigarar, eller rettar grunneigarar osv.
8. Dispensasjonen fell bort dersom arbeid med tiltaket ikkje er sett i gong innan 3 år etter det er gitt.
9. Før alle gravearbeid i eller nær (3 m) kommunal veg tar til skal det føreliggje graveløyve med tilhøyrande varslingsplan (skiltplan). <https://voss.herad.no/tenester/veg-vatn-og-avlop/veg/graving-og-arbeidsvarsling/>

Klage på vedtak

Vedtaket kan påklagast jf veglova §11 og forvaltningslova § 28. Mogleg klage må setjast fram skriftleg til kommunen innan 3 veker etter at søkjar har fått melding om vedtaket, jfr. forvaltningslova § 29.

Med venleg helsing

Björg Lirhus Ree

Veg

Tlf:

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur

Vedlegg

Retningsliner for avkøyrslar til kommunal veg_Voss herad